



DET KONGELEGE KOMMUNAL-  
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Dykkar ref

Vår ref

Dato

16/2648-2

02.06.2016

### Svar på spørsmål om utrekning av ferjeavløysingsmidlar

Vi viser til e-post frå dykk av 1. juni 2016, med spørsmål om korleis ferjeavløysingsmidlane blir berekna. De spør særskilt om beløpet vil vere det same, uavhengig av kor mykje fylkeskommunen gjev i tilskot til sambandet.

Utrekningsmetoden går fram av punkt 5 i retningslinjene for ferjeavløysingsordninga, som blei publisert i vedlegg til kommuneproposisjonen for 2017, jf. Prop. 123 S (2015–2016). Det går fram av retningslinjene at dei faktiske kostnadene fylkeskommunen har til ferjesambandet som skal erstattast, ikkje er ein del av utrekninga.

Ferjeavløysingsordninga er utforma slik at fylkeskommunen ikkje skal tape i inntektssystemet når eit ferjesamband blir avløyst av ei bru eller ein tunnel. Ordninga legg til rette for at midlane som fylkeskommunen tidlegare fekk for ferjesambandet gjennom inntektssystemet, i staden kan nyttast til å finansiere det nye vegprosjektet.

Slik dagens kostnadsnøkkel er utforma, kan beløpet fylkeskommunen får gjennom ferjeavløysingsordninga i somme tilfelle vere høgare enn dei faktiske kostnadene ved å drifte ferjesambandet som blir avløyst.

#### *Utrekningsmetode for årlege ferjeavløysingsmidlar*

Ferjeavløysingsmidlane blir berekna på bakgrunn av tap innanfor inntektssystemet når eit ferjesamband blir erstatta av ei bru eller ein tunnel. Tapet blir berekna ved å sjå på effekten av å endre kriteriedata i kostnadsnøkkel i inntektssystemet (jf. punkt 5.1 i retningslinjene), fråtrekt endringar i drifts- og vedlikehaldsbehovet til fylkesveg (jf. punkt 5.2). Ei ny bru eller ein ny tunnel og eit lengre vegnett vil føre til auka tilskot gjennom kostnadsnøkkel for

fylkesvegar, og fråtrekket er nødvendig for å hindre at ein fylkeskommune får dobbel kompensasjon gjennom inntektssystemet. Fråtrekket blir berekna ved å sjå på effekten av å endre kriteria knytte til fylkesveg i kostnadsnøkkelen.

I inntektssystemet for 2016 utløyser eit ferjesamband om lag 19,5 mill. kroner. Storleiken på fråtrekket knytt til auka drifts- og vedlikehaldsutgifter på vegnettet kan ikkje reknast ut utan nærare informasjon om det planlagde vegprosjektet.

Det berekna beløpet blir prisjustert, men ligg elles fast i inntil 40 år (jf. punkt 5.4 og 5.5). Fylkeskommunen skal likevel ikkje kompenserast for meir enn kostnaden ved prosjektet som erstattar det nedlagte ferjesambandet. Totalbeløpet blir dermed inntil 40 år multiplisert med det årlege beløpet med ferjeavløysingsmidlar.

Vi gjer merksam på at utrekninga av ferjeavløysingsmidlane tek utgangspunkt i inntektssystemet slik det er på det tidspunktet søknaden blir behandla (jf. punkt 5.3). Det kan komme endringar i kostnadsnøkkelen som har innverknad på storleiken på ferjeavløysingsmidlane.

Med helsing

Grete Lilleschulstad (e.f.)  
underdirektør

Lars Tore Rydland  
seniorrådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur*